

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3:

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stordal.

Emne: Bryne.

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter O. Stavdal.

Gard: Stavdal.

(adresse): Stordal, pr. Ålesund.

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røyndslle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Med bryne meinar ein her kvesseredschap før ljå, øks eller lignende.. Og bryne eller kvesse ljå med bryne kallest helst å kvetje, men å bryne ei øks. Hein er en finare sert og er helst brukt til redskap som skal vera sers kvasse, som rakeknivar, høveltenner og telleknivar.

2) Nønbrukest det berre smergel-bryne. Eg veit at far min kjøpte det første smergelbryne i 1910.. Naturstein til bryne finst ikke her i heredet. Dei eldste bryne som folk veit om her var dei såkalte "Skrenakk-bryne" i fra Skrenakken her på Sunnmøre.

Plassen er vel kjent ne eg. Dett naturlegaste er vel å tenkja seg at eit båtlag reiste inn og henta brynesten. d. sin geng før året eller det kunne vera folk lenger inn i fjordet som tek med seg utever. Neken tradisjon om dette er det ingen her som veit. . Kan henda meldarar frå Nordanland herad veit neke. Rundt 1890 tek handelsmann her til å føra neke som dei kalla bybrøne. Dett var firmaet Vallendahl i Bergen dei fekk frå i buntar på ei våg, og som krammara selde ut i stykkevis. På samme tid fekk dei fra firmaet Skjeidie i Ålesund Baiardbryne. Desse var vistnekk fra Nordanland.

3) Alle redskap vert først slipt på slipestein og etterpå kvest med bryne eller hein.

4) Ingen veit i dag om kvessing av eggjarn med hammar.
 (Sigd vert slipt på same måten som ljå). Når skikken
 å slipa ljå vart teknen i bruk er heller ingen som veit
 ne, men kan finna i beka "Søndmørs beskrivelse" av
 Hans Strøm 1750 2. part 5. kapittel side 54, førtel at
 nekre karar frå Raten i Valldal hadde funne på å driva
 slipesteinen med vatn. Dette har vore brukt her så len-
 ge folk kan minnast. Kan også merkja at her på Stav-
 dal er eit lite smisted med ei lita veite tversever,
 passende til å leggja ein ljåbakkje ned, men veit ikkje
 kva slaks det har vore brukt til.

5) Det almindelige er at kvart bruk har ein slipestein
 attmed elva, som vert dreve med vatn, og så kankje
 ein finare slipestein i tunet som vert dregen rundt med
 sveiv. Anna type enn til å draga rundt finst ikke.

6) Ein ljå vert brukt til brukaren seier han er utsle-
 gen (utslein), d. v. s.. ljåen er så steinhøgd at det ikke
 lønner seg å få han kvass med bryne.

7) Det vert brukt berre eit bryne. Ne til dags berre
 smergelbryne. Kvesseredschap av tre er ikke kjent.

8) Småljå vert jamt slipt med ørvet på. Lange ljå
 er så forskjellig. I alle nøve snur ein egg mot seg
 når ein sliper ljår.

9) Når ein kvetjar stuttev set ein hantakel mellom
 knea og ljåen inntil brystet på venstre sida med odden
 fram, og så fører ein bryne etter egg i på begge sider.
 Langørven må ein sete enden ned i marka fram for seg.
 Sjølv teknikken med kvetjinga kan vera nekså innviduelt.

10) Til å hava bryne i på slåtteteigen vert brukt
 brynestøkk. Kvar slåtter har sinn. Den må vere tett
 so ein kan hava vatn i den og er laga av tre med ein
 krek til å hengja på belte bakpå seg. I seinare tid

er det øg brynestøkkar å sjå av blekk.

- 11) A bera bryne i eit hørn er ikke kjent her.
- 12) Vert hengd bakpå til høgre.
- 13) Brukar vatn i brynestøkken.
- 14) Det mjølet som ein gnikar av brynet kallast brynegør (slipeseingør).
- 15) Ikkje kjendt.
- 16) Har ikke hørt at det skal vera nelsebøt i brynegør.
- 17) Ikke kjendt.
- 18) Ikke kjendt.
- 19) Sputtar ein på bryne vest det gjerne sagt "tvi".
- 20) Ikke kjendt.

Nb. Eit bryne.

Ein stuttervøvs. ein
småljà

Ein hein.

Eit stuttev.

Ein slipestein

Ein langørv.

Ein småljà.

Ein sigd.

Ein brynestekk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

386